



Til: Statsforvaltaren i Vestland

Frå: Voss Naturvernlag

Dato: Voss, 09.04.2025

Emne: Klage på vedtak – Detaljreguleringsplan for Stuaset-Holo II – ny veg, planid. 2024001

1. Innleiing

Voss Naturvernlag fremjar med dette klage på vedtak fatta av Voss heradsstyre den 20.03.2025, sak 33/25, der detaljreguleringsplan for Stuaset-Holo II – «endring veg» vart godkjend. Klagen vert fremja i medhald av plan- og bygningslova §§ 1-9 og 12-12, jf. forvaltningslova § 28. Voss Naturvernlag har rettsleg klageinteresse som organisasjon med formål å verna natur og fremja miljøomsyn i lokalsamfunnet.

2. Feil i premissgrunnlaget for vedtaket

I vedtaksteksten heiter det at føremålet med reguleringsendringa er å leggja til rette for køyrbar tilkomstveg til delar av hyttefeltet som i dag ikkje har veg. Likevel synte sakshandsaminga i dei politiske organa ei anna vurdering: Det var argument om næringsnytte – som naudtransport av husdyr, uttak av ved og vedlikehaldsarbeid – som vart framheva som avgjerande for fleire representantar. Fleire politikarar uttala eksplisitt at dei ikkje ville støtta tiltaket dersom det berre galdt betre komfort for hytteeigarar.

Det er vår vurdering at dette utgjer ei alvorleg svikt i premissgrunnlaget for vedtaket. Grunngevinga i vedtaket er ikkje i samsvar med dei reelle vurderingane som låg til grunn i møta, og dette kan ha ført til ei feilvurdering av saka sine rettslege og planfaglege implikasjonar. Det kan sjåast som at vedtaket byggjer på ei vikarierende og underordna grunngeving om nytte for næring, for å kunne omgå heradet sine eigne retningslinjer i kommuneplanens arealdel (KPA 2020–2032), der det heiter at det ikkje skal etablerast nye vegar i eksisterande hyttefelt.

3. Brot på overordna planar og klima-/miljømål

Vedtaket er i strid med:

- **Kommuneplanens arealdel (KPA 2020–2032)**, som slår fast at nye vegar ikkje skal etablerast i eldre hytteområde utan særleg grunngeving.
- **Vossaklima 2030**, vedteken kommunedelplan for klima, som slår fast at våtmark og myr skal vernast og restaurerast, ikkje byggjast ned.
- **Temaplan for naturmangfald**, som lyfter fram naturen sin eigenverdi og behovet for å redusera naturinngrep.

Planområdet inneheld myr og våtmark, som både har stor verdi for naturmangfaldet og fungerer som viktige karbonlager. Inngrepa vil påverka økosystem, vassføring og visuelle landskapskvalitetar i eit område klassifisert som viktig for friluftsliv.

4. Manglande utgreiing og alternativvurdering

Verken naturverdiar, endring i vassføring eller karbonlagring er tilstrekkeleg utgreidde. Det er heller ikkje dokumentert at mindre inngripande alternativ – som tilrettelegging for snø-scooter eller meir varsam bruk og tilrettelegging av eksisterande stiar – er reelt vurderte. Dette er i strid med utgreiingsplikta i naturmangfaldlova § 8 og det faglege kravet til føre-var-prinsippet i § 9.

5. Konklusjon og krav

Vedtaket er etter vår vurdering fatta på feilaktig grunnlag, i strid med gjeldande overordna planar og utan tilstrekkeleg utgreiing av verknadene for natur, klima og landskap. Voss Naturvernlag ber på dette grunnlag om at vedtaket vert oppheva og saka returnert til Voss herad for ny, forsvarleg handsaming.

For styret i Voss Naturvernlag
Inge Draugsvoll
Tymbrålsbakkane 31
5709 Voss